

# FOREDRAGSHALDARANE



**Ivar Roger Hansen** er daglig leiar ved Petter Dass-museet. Han er cand.philol med hovudfag i musikkvitskap, men har dei seinare åra arbeidd mest med bokhistorie. Han har utarbeidd fleire bibliografiar og skrive artiklar om mange kulturhistoriske emne.



**Øyvind Jenssen** er førstelektor i norsk ved Høgskolen i Nesna. Han har skrive fleire bøker og artiklar om litterære og språklege emne, morsmålsopplæring, og om lokalhistorie og skolehistorie på Helgeland. Jenssen har vore norsk sendelektor ved Universitetet i Kiel.



**Ottar Grepstad** er forfattar og direktør ved Nynorsk kultursentrum / Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Han har gjennom mange år vore ein av dei mest profilerte røystane i språkdebatten. Grepstad har skrive fleire bøker om språkhistorie og språkpolitiske emne, mellom anna *Viljen til språk - ei nynorsk kulturhistorie* og *Avisene som utvida Noreg: nynorskpressa 1850-2010*. Han er elles ein flittig bidragsytar i avisspaltene. Sidan 2010 er Ottar Grepstad styreleiar i Språkrådet.



**Benthe Kolberg Jansson** er førstelektor i norsk ved Høgskolen i Østfold, Avdeling for lærarutdanning. Ho har tidlegare vore lærar i ungdomsskolen og i vidaregåande skole, og ho har halde mange kurs om nynorskopplæring. Jansson er også lærebokforfattar. Ho har hatt forskingsprosjekt knytt til nynorskopplæring og har skrive fleire artiklar om emnet. Siste bokutgiving er *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. (Det Norske Samlaget 2011). Saman med Synnøve Skjong var ho redaktør for boka og har blant anna skrive kapitla om nynorsk som sidemål på ungdomssteget.



## NYNORSK SOM SIDEMÅL

### - BIDRAG TIL SPRÅKLEG MANGFALD ELLER TIDSTJUV?

*Fagseminar om nynorskens  
historie og stilling på Helgeland*

**Torsdag 22. mars 2012**

□ □ □ □ PETTER DASS-MUSEET  
□ □ □

# NYNORSK SOM SIDEMÅL - BIDRAG TIL SPRÅKLEG MANGFALD ELLER TIDSTJUV?

Torsdag 22. mars 2012

Det går for tida føre seg eit heftig ordskifte om sidemålet sin status i norsk skole. Eit forslag om å utelate eigen karakter i norsk sidemål i ungdomsskolen og endre innhaldet i sidemålseksamen i den vidaregåande skolen har løyst ut eit stort engasjement, mellom både bokmåls- og nynorskbrukarar. Språkdebatten blomstrar!

På Helgeland fanst det heilt til for nokre få år sidan fleire skoler og klassar som hadde nynorsk som hovudmål. I dag er bokmål eine-rådande. For oss som bur på Helgeland, handlar derfor norsk sidemål om nynorsk.

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen blei fødd, og Kulturdepartementet har bestemt at 2013 skal vere eit nasjonalt språkår. Petter Dass-museet tar språkåret litt på forskot og inviterer til ein konferanse der ein vil sjå på nynorsken sin historie på Helgeland, nynorsken sin status i dag og ikkje minst ta opp spørsmål om å undervise i nynorsk som sidemål.

Konferansen rettar seg i første rekkje til lærarar i grunnskolen og vidaregåande skole, men sjølvsgd er og alle med interesse for språk velkomne til å delta.

**Velkommen til ein interessant språkdag ved Petter Dass-museet.**

Deltakaravgift kr. 500,- inkluderer lunsj, samt kaffi og forfriskingar i pausane.

**Påmelding til Petter Dass-museet innan 1. mars, i telefon 75 11 01 53, eller e-post [petter.dass@helgelandmuseum.no](mailto:petter.dass@helgelandmuseum.no).**

## PROGRAM

- |               |   |
|---------------|---|
| 10.00 - 10.15 | <b>Opning</b>   |
| 10.15 - 10.45 | Dagleg leiar ved Petter Dass-museet Ivar Roger Hansen:<br><b><i>Ivar Aasen si reise på Helgeland.</i></b>                           |
| 11.00 - 11.30 | Førstelektor ved Høgskolen i Nesna Øyvind Jenssen:<br><b><i>Eit tilbakeblikk på nynorskens historie i skolane på Helgeland.</i></b> |
| 11.30 - 11.45 | <b>Pause</b>  |
| 11.45 - 12.30 | Direktør ved Nynorsk kultursentrum Ottar Grepstad:<br><b><i>Kvifor nynorsk? Nynorsk i eit kulturpolitisk perspektiv.</i></b>        |
| 12.30 - 13.15 | <b>Lunsj</b>  |
| 13.15 - 14.15 | Førstelektor ved Høgskolen i Østfold Benthe Kolberg Jansson:<br><b><i>Nynorskopplæring - ja takk!</i></b>                           |
| 14.30 - 15.15 | <b>Debatt og oppsummering</b>   |